

---

**Saknr:** 2020/44954-2  
**Saksbehandlar** Marianne Ose Askvik  
**Dato:** 23.03.2020

---

---

**Til:** Hovedutval for kultur, idrett og integrering

---

**Frå:** Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

---

## Brev frå Vestnorsk filmsenter om konsekvensar for filmbransjen i Vestland

Torsdag 19.mars sendte Stine Tveten, dagleg leiar i Vestnorsk filmsenter, ein e-post til Vestland fylkeskommune med følgjande innhaldstekst:

*Det er svært dramatiske tider for oss alle. Også filmbransjen blir hardt rammet. Vestnorsk filmsenter har sendt ut en spørreundersøkelse til bransjen, denne vil vi oppdatere jevnlig i lys av hvordan situasjonen utvikler seg. Foreløpig har vi sammenfattet svar pr. 18.mars. Ta gjerne kontakt om dere har spørsmål eller kommentarer*

Resultata frå nemnte spørjeundersøking følgde med som vedlegg i e-posten og er vedlagt referatsaka.

Vestnorsk filmsenter (VF) er ein viktig bidragsytar til utviklinga av filmbransjen på Vestlandet. VF satsar på filmskaparar og bidreg til at filmar frå Vestlandet kjem ut i verda. Kjerneverksemda i selskapet er å forvalte tilskot til og bidra til utvikling av kortfilm og dokumentarfilm og manusutvikling av spillefilm / tv-seriar. Vidare utviklar og arrangerer VF kompetansehevande tiltak for bransjen samt talentutvikling. Selskapet forvaltar i 2020 10,7 millionar kroner frå Kulturdepartementet til produksjon av kort- og dokumentarfilm, samt 7 millionar frå eigarar og regionale samarbeidspartnarar til drift, manus- og prosjektutvikling og bransjeutviklande tiltak. VF er eit aksjeselskap eid av Bergen kommune og Vestland fylkeskommune, med samarbeidsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune.